

ORDNING FOR HOVUDGUDSTENESTA – TORPO SOKN

1. Gudsteneste med nattverd (høgmesse)



I. SAMLING

Klokkeringing

Informasjon om gudstenesta i dag. (Evt. Korte kunngjeringar)

Informasjonen blir avslutta med: Lat oss vera stille for Gud.

Kort stille

Tre klokkeslag

PRELUDIUM

INNGANGSSALME

INNGANGSORD

Liturg (L): Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus.

SAMLINGSBØN

Medliturg (ML): Lat oss be:

Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever. Vi prisar deg for alt det vakre på vår jord, og for alt som lèt oss kjenna at du er god. Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og villige hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg

for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.
Amen.

SYNDSVEDKJENNING

(L: Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. (Matt 22,37-39))

L: Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

Alle (A): Gud, ver meg nådig!

Eg har synda mot deg og svikta min neste - med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt.

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

BØNEROP KYRIE

A: Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna deg.

Kriste eleison, Herre Krist, miskunna deg.

Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna deg.

GLORIA

L: Ære vere Gud i det høgste

Kyrkjelyd (K): og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Amen.

(Hvis det er **dåp**, kjem han her, og truvedkjenninga flyttast hit, som innleiest med: **Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.**)



II. ORDET

FØRSTE LESINGA

L: Lat oss høyra Herrens ord.

ML: Det står skrive hos/i ...

Kyrkjelyden reiser seg.

Lesinga sluttar med: Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

SALME

ANDRE LESINGA

ML: Det står skrive hos/i...

Kyrkjelyden reiser seg.

Lesinga sluttar med: Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

Her kan følgje ein salme.

EVANGELIUM

ML: Det står skrive i evangeliet etter...

Kyrkjelyden reiser seg.

Lesinga sluttar med: Slik lyder det heilage evangeliet.

Kyrkjelyden set seg.

PREIKE

Kort stille eller meditativ musikk.

TRUVEDKJENNING

ML: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Kyrkjelyden reiser seg.

A: Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp

til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

Kyrkjelyden set seg.

SALME

KUNNGJERINGAR

(- kan plasserast her, i forkant av gudstenesta, eller formidlast til kyrkjelyden på annan måte.)

ML: Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.

Kyrkjelyden reiser seg. Ein les opp namna på dei gravlagde.

Kort stille.

ML: Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjartet. (Sal 90,12)

eller: Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. (Joh 11,26)

Deretter bed ein denne, eller ei liknande bøn:

ML: Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.

III. FORBØN

FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA

Medlitur leier forbøna. Kyrkjelydens bønnesvar kan variere, men ofte nyttast: Herre, høyr vår bøn.

For formulerte forbøner, sjå skiljeark 3.

TAKKOFFER FRÅ KYRKJELYD - *under ein salme/instrumental musikk/vokal musikk.*

TAKKOFFERBØN

L: Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

IV. NATTVERD

Om takkoffer blir tatt opp under instrumental/vokal musikk, kan her følge en salme.

TAKKSEIING OG BØN

L: Herren vere med dykk.

Kyrkjelyden reiser seg.

K: Og med deg vere Herren.

L: Lyft dykkar hjarte.

K: Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L: Lat oss takka Herren vår Gud.

K: Det er verdig og rett.

KYRKJEÅRSSPREFASJONEN (Sjå Gudsteneste for Den norske kyrkja 2.67-70)

L: I sanning verdig og rett er det..... Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

HEILAG

A: Heilag, heilag, heilag, er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

NATTVERDBØN

L: (Liturg vel ut i frå Gudsteneste for Den norske kyrkja 2.71-80)

INNSTIFTINGSORDA

L: Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min *lekam* som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

HERRENS BØN

A: Vår Far i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

Når Herrens bøn syngast (inntil ny melodi er avklara):

Fader vår, du som er i himmelen. Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i

himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Forlat oss vår skuld,

som vi òg forlèt våre skuldmenn. Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

NATTVERDSMÅLTIDET

L: Guds fred vere med dykk.

K: Guds fred vere med deg.

L: Kom, for alt er ferdig. (*Før eller etter «Du, Guds Lam..»*)

A: Du Guds Lam, som ber all verdens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdens synder, gjev oss din fred.

Dei som vil ta imot nattverden går fram. Dei andre set seg.

Utdelingsord:

L: Kristi lekam gjeven for deg.

Kristi blod utrent for deg.



Etter utdelinga:

L: Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

L: Fred vere med dykk.

TAKKEBØN FOR NATTVERDEN

L: Himmelske Far, takk for dine velsigna gaver. Vi bed at du ved disse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

V. SENDING

SALME

VELSIGNINGA

L: Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyden reiser seg.

K: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

L: Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

K: Amen. Amen. Amen.

3x3 bøneslag

Kyrkjelyden set seg.

POSTLUDIUM

UTSENDING

L: Gå i fred. Ten Herren med glede.